



Notat

Dato: 19.02.2018
Arkivsak: 2018/7777-1
Saksbehandlar: torruti

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Deltaking i ordning med fylkesvise mobbeombod

I oppdragsbrev 17/40 frå Kunnskapsdepartementet vert Utdanningsdirektoratet beden om å setje i verk ei ordning med fylkesvise mobbeombod frå hausten 2018. Hordaland fylkeskommune fekk ein invitasjon til å bli med i ordninga i januar 2018, som ein vil takke ja til å ta del i.

Hordaland fylkeskommune oppretta eit mobbeombod som ei forsøksordning allereie i 2014. Erfaringane synte seg å vere så gode, at fylkestinget vedtok å gjere ordninga fast i juni 2017. I oppdraget frå Kunnskapsdepartementet går det mellom anna fram at ordninga skal bygge på ei kostnadsdeling mellom fylkeskommune og staten.

Barn, elevar og foreldre skal vere omboda si primære målgruppe, og mobbeombodet skal ha både barnehage og skule som verkeområde. Dette inneber at mobbeombodet i Hordaland utvidar målgruppa si frå i dag å fokusere på vidaregåande skular, til å utvide fokus til å omfatte barnehagar og skular.

Fylkeskommunar som ønskjer å ta del i ordninga skal sende faktura til Utdanningsdirektoratet. Fylkeskommunen vil deretter ta i mot eit statleg tilskot for mobbeombod i sitt fylke.

Ordninga vil ha ein verknad på eit halvt år, og svarar til kr 250 000,- per fylke. Tilskot for 2019 vil ha heilårsverknad, og vil vere på kr 500 000,- per fylke.

Ordninga skal evaluerast, med sluttrapport til departementet innan 1.12.2019.

Vedlegg: *Invitasjon til deltakelse i ordning med fylkesvise mobbeombud*